

Verneområde i Lærdal

Det er sju verna områder i Lærdal. Dei dekker meir enn 52 km², noko som utgjer i underkant av 4% av areala i kommunen.

Tre av desse har kome til det siste året og etter at naturmangfaldsplanen var vedteken i desember 2024.

Me har eitt landskapsvernområde og seks naturreservat.

I tillegg pågår det verneprosess for heile Sognefjorden.



Våre verneområde




Oversikt over dei sju verneområda i Lærdal kommune:

- Bleia- Storebotnen landskapsvernområde
- Bleia naturreservat
- Husum naturreservat
- Berdalen naturreservat
- Frønningen naturreservat
- Bermålsnosi naturreservat
- Hellen naturreservat

Alle verneområde har naturmangfald som er spesielt viktig å ta vare på og ein finn mange ulike artar i dei forskjellige områda.

Bleia-Storebotnen landskapsvernområde



**Bleia-Storebotnen
landskapsvernområde**
ligg delvis i Lærdal og
delvis i Aurland kommune.


Dette er eit større
landskapsområde med eit
«eigenarta natur- og
kulturlandskap frå fjord til
fjell». Det er 46
raudlisteartar registrerte
innanfor verneområda
innan alle artsgrupper og
der villrein ein vesentleg
del av landskapet sin
karakter.

Dato for vern: 8.10.2004

Storleik: ca 66km²

[Lenke til verneforskrift](#)

Bleia naturreservat



Bleia naturreservat vart oppretta særleg med tanke på å sikre ein lokalitet med planta urvalmue, som er ein variant av fjellvalmue, (klassifisert som *sterkt trua* på Norsk Raudliste)


I tillegg er området ein urskogsprega furuskog i eit særmerkt fjordlandskap med sin kvartærgeologi med uvanleg storskala ravinar og fjellryggar, og med eit botanisk og urskogprega verdfullt område frå fjord til høgfjell.

Dato for vern: 8.10.2004

Storleik: 21,8km²

[Lenke til verneforskrift](#)

Frønningen naturreservat



Frønningen naturreservat vart verna etter at Naturmangfaldsplanen var utarbeidd.

Det spesielle med Frønningen er at området er uvanleg stort i skogvernsamanheng.

Lokaliteten grensar til andre verneområde.


Det er registrert eit par raudlista artar, blanknål og rustdoggnål, med status som nær trua. Skogen er dominert av storvaksne, grove furutre, og det er gjennomgåande mykje død ved i alle nedbrytingsstadium.

Dato for vern: 6.12.2024

Storleik: Over 17 km²

[Lenke til verneforskrift](#)

Berdalen naturreservat



Berdalen naturreservat vart oppretta for å ta vare på sjeldan natur i form av eit stort og urørt skogområde.

Området er særleg viktig for biologisk mangfald ved at det har mange skogs- og vegetasjonstypar, mykje daud ved og eit stort potensial som leverområde for sjeldne og krevande artar


Dato for vern: 17.12.2021

Storleik: om lag 2794 dekar

[Lenke til verneforskrift](#)

Bermålsnosi naturreservat

I Bermålsnosi naturreservat er føremålet å ta vare på eit område med gamal furuskog som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som kalk- og lågurtfuruskog og boreal lauvskog med førekomstar av daut ved, i ei lisode med både brannspor og hyppige ras.



Dato for vern: 24.6.2025

Storleik: om lag 5428 dekar

[Lenke til verneforskrift](#)

Husum naturreservat


Føremålet med fredinga er å ta vare på eit tilnærma urørt skogområde med spesielle naturtypar.

Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi som ein uvanleg kontinental edellauvskog på Vestlandet, med stort artsmangfald knytt til artsrike berg- og engsamfunn, og som høgproduktiv skogsli med stor høgdegradient velegna for studiar av framtidige klimaendringar.


Dato for vern: 19.6.2009

Storleik: om lag 494 dekar

[Lenke til verneforskrift](#)



Helleren naturreservat



Reservatet vart oppretta fordi det representerer ein bestemt type natur i form av å være et variert område med rik mosaikk av berg og ulike treslag, med innslag av rik edellauvskog og med bekkekløfter.


Det er både trua naturtypar og trua artar i naturreservatet.

Dato for vern: 24.12.2024

Storleik: om lag 833 dekar

[Lenke til verneforskrift](#)

Sognefjorden marine verneområde



Fjorden er eit eineståande naturfenomen som verdas djupaste og Norges lengste fjord. Den er forma av gravande isbrear med påfølgjande sedimentasjon som har gitt ein jamn og flat botn av leire og slam i den djupe hovudrenna. Fjordsidene er bratte fjellskråningar med vertikal utstrekning på meir enn 2000 m frå fjordbotnen og opp til fjelltoppane rundt fjorden. Sidefjordane er relativt grunne og munnar ut som hengande U-dalar høgt oppe i fjordsidene.

Dyrelivet i Sognefjorden er spesielt, med lokale sildestammar og grunne førekomstar av djupvassartar i nokre av sidefjordane. Verneverdiane er knytt til både den geologiske utforminga av fjorden, med dei spesielle botnforholda, og til dyrelivet.

Dato for vern: Området er i utgreiingsfasen

Storleik: 1012 km²

[Lenke til prosjektside hjå Statsforvataren i Vestland.](#)